

15.09.2010

Oppsummering av spørjeskjema



Syklande turistar frå Nederland på besøk for nokre veker sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen Utvikling avsluttar no bruken av spørjeskjema for sommaren 2010.

Målet med gjesteundersøkinga er å få kunnskap om kva turistar, båtgjester og andre tilreisande meinar om Sommarbygda Uskedalen og få fram kvaforbetringar vi bør få til før neste sesong.

I fjor fekk vi inn i underkant av 200 svarark.

Det har vore noko mindre interesse i år, men 100 nye svar vil gje oss meir tyngde og eit meir solid resultat

Uskedalen Utvikling si arbeidsgruppe for turisme, informasjon og profilering oppmodar alle, som har brukt spørjearket, om å levera det inn innan utgangen av veka.

Resultatet med ei vurdering vert kunngjort ei veke etter dette.

Uskedalen Utvikling